

Innspel til områdereguleringsplan Knarvik.

Storneset AS og eigarane av «barnehagetomten» og misjonshuset har gått gjennom forslaget til områdereguleringsplan. Forslaget ser ut til væra godt gjennomarbeida og det er tydeleg at det er lagt mykje arbeid ned i denne planen. Me er samde i målsetjinga for planen og ser fram mot ei meir bymessig utvikling av Knarvik. Knarvik er ein ny tettstad utan noko einskapleg uttrykk, me meiner det er viktig at ein nyttar dette til å utvikle ein by med eit moderne og nyskapande uttrykk. For å skape ein by er det etter vårt syn viktig og leggje opp til ei høg utnytting, med ein stor del bustad. Ein klarer ikkje å skape ein pulserande by utan at det er folk der, det er folk som skapar møteplassar og aktivitet, ikkje belegningsstein og gangvegar aleine.

Me er nøgde med at vårt areal er gitt formålet sentrumsareal. Det er også positivt for planen at det er lagt opp til eit luftig gatetun mellom vårt areal og Knarvik senter. Dette arealet trur me er ei viktig åre for gåande i Knarvik, samt at det kan verte ein god møteplass for folk som bur og ferdast i området. Det ligg inne i våre planar å nytte delar av den nye bygningsmassen til forsamlingslokale med fleire typar aktivitet. Me ser og for oss at det kan være naturleg og leggje anna verksamhet som skapar ferdsel og aktivitet på gateplan i området. Saman med eit innslag av bustader vil dette gjere området meir attraktivt og gi ein betre oppleving til dei som ferdast her.

Områdeplanen inneheld svært sentralisert løysing på parkeringssituasjonen i Knarvik. Me ser at denne løysinga krev svært store investeringar og skaper usikkerhet omkring utvikling av dei enkelte områda. Me meiner det må være mogeleg å organisere parkering i kjellar for dei areala som har naturlege forutsetninger for dette.

For vårt område BS2 har me følgjande innspel til føresegne til områdereguleringsplan:

- Grad av utnytting.
 - Området BS2 er gitt ei utnytting på 200% BRA, samtidig er store delar av vår eigedom avsett til gatetun. Dette gatetunet er i stor grad med å ivareta tilgjengeleg og opent uteareal som føresegna om utnytting skal ivareta. Dersom det på det området som me disponerer skal være mogeleg og byggja same arealet som låg inne i den gjeldande planen må utnyttinga setjast til 300% BRA. Går dette i orden vil me være positiv til å vederlagsfritt avstå grunn til gatetunet. Dette må sjølv sagt forankrast i styret hos dei aktuelle eigarane, men det er gitt positive signaler på at dette er ynskjeleg. Me meiner at det er nødvendig med utnytting på 300% BRA for å transformere dette området til ein by.

Me vonar at våre merknader vert tatt med i det vidare planarbeidet. Tilpassingar av planmateriellet i tråd med våre merknader vil vere med på å skape ein betre plan og ei betre utvikling av bygdebyen Knarvik.

Lykke til med det vidare arbeidet.

Med vennleg helsing

Storneset AS

Misjonsorganisasjonane.